



Røsland og Sofie Laxheim – den siste nyleg importert frå Sverige. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag har Vertshuset vore ope i fire veker etter nystarten og eigar Røsland er godt fornøgd. Han trur bestemt at drifta så langt har gått med overskot og har tru på at høgsesongane vil gå i pluss. På kjøkenet har han allereie fått ein viktig plussfaktor: Ei entusiastisk, svensk jente har rykka inn som kokk og komplettert det unge drivmannskapet

Etter ein varsam start med omsyn til menyen legg Røsland lista stadig høgre. Medan menyen frå starten inneheldt enkle rettar som pizza og spekemat kan han no frista med helgemenyar på høgt nivå. Til dømes blir menyen komande helg omnbaka laks med dillstua poteter. Og på torsdagane framover slår Vertshuset til med ein gamal slagar: Skaldyraften med alle havet sine delikatesser. Det blir også ein dagleg "dagens rett" til ein overkommeleg pris.

Det er først no at marknadsføringa har teke til for alvor og i den samanhengen har Røsland ei spesiell oppmoding til den "gamle" Tirsdagsklubben. Han ventar at medlemmene no meldar seg att på gamle tomter som har fått ei ny og opprusta ramme.

I lågsesongane må han køyra varsamt og satsa på slutta selskap.

Men korleis har eigaren klart å skaffa toppkvalifisert svensk arbeidskraft til Vertshuset?

Sofie Laxheim (21) frå Danderyd i Stockholm er ein god bekjent som hadde ønskje om å få vera deltakar i det som Røsland har bygt opp i Uskedalen.

Etter tre års kokkutdanning i Ørebro der ho vaks opp var ho hektisk lunsj-servitør i hovudstaden ei tid før ho vart kokk på restauranten Bågspennaren i Gamle Stan. Der vrimlar det av turistar og kokkinga må gå føre seg i ein fart!

No har ho sagt opp jobben og satsar på Uskedalen, men har sikra rettetten til ein stad som ho eventuelt skal driva sjølv.

Når uskedalen.no spør om hennar spesialitet kjem svaret etter ei viss tenketid: - Cæsar-salat, som står på menyen.. Men jag elsker att finna på nya saker!

- Kvifor kjem det så mange frå Sverige inn i restaurantbransjen i Noreg?

- Pengar spelar sjølvsagt ein viss rolle, men viktigare er det kanskje at vi har eit positivt rykte og er kjende for god service. Difor vil nordmennene, som har for lite arbeidskraft, gjerne ha oss. Og vi får jobba meir enn i Sverige.

- Kva synest du om Uskedalen til no?

- Heilt fantastisk. For ein natur! Eg blir så imponert over 'dom mektiga bergen'!

Av Ola Matti Mathisen



Nye forsyninger kjem stadig til Vertshuset, som førebels har gått med overskot. (Foto: Ola Matti Mathisen)